



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kantina, rådhuset
Dato: 28.08.2008
Tidspunkt: 12:30 – 19:10
Frå sak nr: 72/08 – 121/08

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Representerer
Astrid Aarhus Byrknes	KRF
Bjarte Vatnøy	FRP
Nils Træland	H
Leif Sleire	H
Nina Stabell Øvreås	FRP
Tove Linnea Brandvik	AP
Anna K Valle	SP
Sveinung Valle	AP
Odin Kristiansen	V

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Representerer
------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Repr.	Møtte for
------	-------	-----------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kåre Jordal	fung. rådmann
Ole Georg Hoaas	personal- og organisasjonssjef
Jostein Mykletun	rådgevar
Terje Sætre	rådgevar
Karl Fredrik Myhr	økonomisjef
Arne Eikefet	einingsleiar
Frøydis Ones	fagleiar arealplan
Julie Daling	arealplanleggar
Inger- Marie Nordland	administrasjonssekretær

Diverse merknader:

- Besøk frå Skuodas
- Orientering om BLEST ved fagleiar arealplan Frøydis Ones og arealplanleggar Julie Daling.
- Leiar i overtakstnemnda Odd Vabø orienterte. Orienteringa valt halde i lukka møte.

-Råd for menneske med nedsett funksjonsevne hadde møte 25.08.08 har merknader til alkoholsakene. Vil peika på at verksemder som sel eller serverer alkohol, ikkje får fornya sals- eller skjenkeløyve før dei har lagt til rette for rullestolbrukarar til inngangsparti og toalett”.

Astrid Aarhus Byrknes
ordførar

Anna K. Valle

Tove Linnea Brandvik

Saksnr	Innhald
PS 72/08	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 12.06.08
PS 73/08	Underskrift av dagens møteprotokoll
PS 74/08	Storavatnet, tiltak for å sikre mest mogeleg stabil vasstand.
PS 75/08	Søknad om fornying av skjenkeløyve - Alver Hotel as
PS 76/08	Søknad om fornying av skjenkeløyve - Westland Hotel as
PS 77/08	Søknad om fornying av skjenkeløyve - Lindås Brygge as
PS 78/08	Søknad om fornying av skjenkeløyve - Garveriet v/HAAN
PS 79/08	Søknad om fornying av skjenkeløyve - Harry Pub & Pizza
PS 80/08	Søknad om fornying av skjenkeløyve - Nan Tian House Restaurant
PS 81/08	Søknad om fornying av skjenkeløyve - Parmelia as
PS 82/08	Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Vinmonopolet as
PS 83/08	Søknad om for fornying av skjenkeløyve - Lyngheisenteret
PS 84/08	Søknad om fornya skjenkeløyve - Ess Onshore as "Leirklumpen"
PS 85/08	Søknad om fornying av skjenkeløyve - Nordbris Sjøbu
PS 86/08	Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Feste Nærkjøp as

- PS 87/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Lars Padøy as
- PS 88/08 Søknad om salsløyve for alkohol - O.A. Snekkevik as
- PS 89/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Isdalstø Mat as
- PS 90/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Rema 1000 Knarvik/Knarvik Dagligvarer as
- PS 91/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Anita og Ken as
- PS 92/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Seimstrand as
- PS 93/08 Søknad om salsløyve for alkohol - Hundvin Handel as
- PS 94/08 Søknad om fornying av salsløyve - Rimi Knarvik
- PS 95/08 Søknad om løyve for sal av alkohol - K. Andvik Eftf.
- PS 96/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Rema 1000 Ostereidet/Tore Helland as
- PS 97/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - ICA Supermarked Knarvik
- PS 98/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Hjelmås Handelslag L/L
- PS 99/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - KIWI 894 Lindås senter
- PS 100/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - KIWI 832 Ikenberget
- PS 101/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - KIWI 851 Knarvik
- PS 102/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkohol - Kvamsvåg Landhandel
- PS 103/08 Søknad om fornying av salsløyve for alkoholl - Rema 1000 Lindås
- PS 104/08 Søknad om serveringsløyve - ESS SUPPORT SERVICES as, Leirkantine nr. 2
- PS 105/08 Søknad om serveringsløyve - Ess Support Services as, kantine på Site
- PS 106/08 Klage på vedtak om inndraging av skjenkeløyve - Garveriet v/Haan
- PS 107/08 Økonomirapport pr. 2. kvartal 2008
- PS 108/08 Godkjenning av nytt finansreglement
- PS 109/08 Framlegg til endring av reguleringsplan for Ikenberget bustad- og næringsområde. Betra og tryggja trafikkavviklinga i frå/til planområdet. 2 alt. vegløyvingar.
- PS 110/08 Utkast til lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret
- PS 111/08 Juvikstølen barnehage, trafikkisikring av tilkomst.**
- PS 112/08 Tiltak for å avgrense automatar- og speleterminalar frå Norsk Tipping
- PS 113/08 Seks nye adressenamn i Lindås
- PS 114/08 Ny havn for Bergensområdet - alt. Mongstad - melding om framdrift i planarbeidet.
- PS 115/08 Endring av selskapsavtalen for Regionrådet Nordhordland IKS

- PS 116/08 Knarvik barnehage - framlegg til avtale om bygging av ny barnehage.
- PS 117/08 Kulturplan - Lindås kommune
- PS 118/08 Endringar i vallova og kommunelova - høyring
- PS 119/08 Skiping av folkeaksjon mot 300 KV luftspenn Mongstad - Kollsnes
- PS 120/08 Meldingar frå ordførar og rådmann
- PS 121/08 Knarvik ungdomsskule - godkjenning av kostnadsramme.

PS 72/08 Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Formannskapet - 28.08.2008

Protokollen frå møte 12.06.08 vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Formannskapet - 28.08.2008

Protokollen frå møte 12.06.08 vart samrøystes godkjent.

PS 73/08 Underskrift av dagens møteprotokoll

Handsaming i Formannskapet - 28.08.2008

Desse vert valt i tillegg frå ordførar: Anna K. Valle og Tove Linnea Brandvik.

Vedtak i Formannskapet - 28.08.2008

Desse vert valt i tillegg frå ordførar: Anna K. Valle og Tove Linnea Brandvik.

PS 74/08 Storavatnet, tiltak for å sikre mest mogeleg stabil vasstand.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

For å betra mogelegheitene for regulering av vasshøgda på eit stabilt nivå i Storavatnet, skal det monterast fjernstyrt luke og manøvreringsventilar.

Kostnadene dekkast innanfor investeringar for vassverket.

Handsaming i Formannskapet - 28.08.2008

-Det var synfaring på damstaden før møtet tok til.

-Delt ut skriv frå Adv. Rasmussen & Broch dat. 18.08.08.

Fellesframlegg:

1. Som rådmannen sitt framlegg
2. Formannskapet godkjenner avtalen for styring av demning og uttak i Storavatn mellom grunneigarar og Lindås kommune

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 28.08.2008

PS 111/08 Juvikstølen barnehage, trafikksikring av tilkomst.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

For å betre trafikktryggleiken i området ved Knarvik ungdomsskule og Juvikstølen barnehage skal :

- Parkeringsplassen og gangvegen ovanfor ungdomsskulen ferdigstillast. Kostnadene med parkeringsplassen dekkast innanfor investeringsbudsjettet for utbygginga av ungdomsskulen. Gangvegen etablerast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Gangveg/fortau etablerast dobbeltsidig mellom ungdomsskulen og Gymnaskrysset. Kostnaden dekkast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Fartshumpar etablerast i området ved ungdomsskulen og dekkast av driftsmidlar på Veg.
- Skilting av 30-sona oppgraderast mot og i Juvikstølen/Orresteinen.
- Etablering av fartshumpar vurderast i Orresteinen og eventuelle kostnader dekkast i eit samarbeid mellom kommunen, Tomteselskapet og fastbuande.

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2008

Framlegg frå L.Brunborg – Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg

Kulepkt 3, tillegg:

Det skal og koma ei fartsdump til mellom gymnaskrysset og første veg opp til gymnaset.

Kulepkt 6,

Administrasjonen må, saman med buss-selskapet, sjå på kjøyremønsteret til skulebussane.

Skulebussar bør ikkje kjøyra inn i aktuelle området.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Uttale i Levekårsutvalet - 26.08.2008

For å betre trafikktryggleiken i området ved Knarvik ungdomsskule og Juvikstølen barnehage skal :

- Parkeringsplassen og gangvegen ovanfor ungdomsskulen ferdigstillast. Kostnadene med parkeringsplassen dekkast innanfor investeringsbudsjettet for utbygginga av ungdomsskulen. Gangvegen etablerast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Gangveg/fortau etablerast dobbeltsidig mellom ungdomsskulen og Gymnaskrysset. Kostnaden dekkast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Fartshumpar etablerast i området ved ungdomsskulen og dekkast av driftsmidlar på Veg. Det skal og koma ei fartsdump til mellom gymnaskrysset og første veg opp til gymnaset.
- Skilting av 30-sona oppgraderast mot og i Juvikstølen/Orresteinen.
- Etablering av fartshumpar vurderast i Orresteinen og eventuelle kostnader dekkast i eit samarbeid mellom kommunen, Tomteselskapet og fastbuande.
- Administrasjonen må, saman med buss-selskapet, sjå på kjøyremønsteret til skulebussane. Skulebussar bør ikkje kjøyra inn i aktuelle området.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 27.08.2008

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

Handsaming i Formannskapet - 28.08.2008

Uttalen i levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 28.08.2008

For å betre trafikktryggleiken i området ved Knarvik ungdomsskule og Juvikstølen barnehage skal :

- Parkeringsplassen og gangvegen ovanfor ungdomsskulen ferdigstillast. Kostnadene med parkeringsplassen dekkast innanfor investeringsbudsjettet for utbygginga av ungdomsskulen. Gangvegen etablerast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Gangveg/fortau etablerast dobbeltsidig mellom ungdomsskulen og Gymnaskrysset. Kostnaden dekkast med midlar frå trafikksikringsfondet.
- Fartshumpar etablerast i området ved ungdomsskulen og dekkast av driftsmidlar på Veg. Det skal og koma ei fartsdump til mellom gymnaskrysset og første veg opp til gymnaset.
- Skilting av 30-sona oppgraderast mot og i Juvikstølen/Orresteinen.
- Etablering av fartshumpar vurderast i Orresteinen og eventuelle kostnader dekkast i eit samarbeid mellom kommunen, Tomteselskapet og fastbuande.
- Administrasjonen må, saman med buss-selskapet, sjå på kjøyremønsteret til skulebussane. Skulebussar bør ikkje kjøyra inn i aktuelle området.

PS 112/08 Tiltak for å avgrense automatar- og speleterminalar frå Norsk Tipping

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Følgjande nytt pkt. g under avsnitt II – 2.252 ”Retningsliner for å avgrense eventuelle verknader av alkoholskjenking” i kommunens alkoholpolitiske plan blir vedteke:

”Det blir ikkje gitt skjenkeløyve til skjenkestader som har speleautomatar eller andre former for pengespel”

Handsaming i Levekårsutvalet - 26.08.2008

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttale i Levekårsutvalet - 26.08.2008

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

Handsaming i Formannskapet - 28.08.2008

Uttale frå Kontrollutvalet for alkohol; som rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 28.08.2008

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

PS 113/08 Seks nye adressenamn i Lindås

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Vegparsellane nemnde i saksutgreiinga får desse adressenamna:

1. Utgjerdet (på gnr. 139 Nedre Tveiten)
2. Kaldalen (på gnr. 239 Ytre Eknes)
3. Krokjen (gamle riksvegen Sletta – Herland)